

Fyresdal kommune

Reguleringsplan for Tøddebakkane Syd.

REGULERINGSFØRESEGNER.

§ 1

Det regulerte området er på plankartet vist med reguleringsgrense. Innafor området skal ny busetnad plasseras og ha møneretning som vist i planen.

§ 2

I området kan det oppførast bustadhus i inntil 1½ etasje med tilhørande garasjer. Der terrenget etter bygningsrådets skjønn ligg til rette for det, kan ein få løyve til å innreie underetasje i samsvar med føresegnene i byggeforskriftene. Ytterveggane i underetasjen over bakken skal utførast i same materiale som huset ellers.

§ 3

Bustadens grunnflate, medrekna garasje, overdekt terrasse m.m. må ikkje overstige 25% av netto tomteareal.

§ 4

Høgda til møne må ikkje overstige 5,5 m for hus i 1 etasje og 7,0 m for hus i 1½ etasje målt frå høgaste punkt ved grunnmur i nåverande terreng.

§ 5

For kvart einskildt bustadhus skal det være plass til ein dobbelt garasje, samt plass for oppstilling av 2 bilar på eigen grunn. Garasje skal være i 1 etasje og være tilpassa bustadhuset med omsyn til materialval, form og farge. Garasje kan innafor føresegnene i byggeforskriftene, oppførast i nabogrense. Garasjene skal være plassert minst 5 m fra regulert vegkant. Plassering av garasje skal være vist på situasjonsplan som følgjer byggemeldinga for bustadhuset, sjølv om garasjen ikkje skal oppførast samstundes med dette. For tomt nr. 7 kan ein tillate plassering av garasje i det nordlege hjørnet av tomta med adkomst fra Sitjevegen og minst 5 m frå regulert vegkant. Den endelege plassering og avkjøring skal godkjennast av bygningsrådet.

§ 6

Bygningane skal ha saltak. Takvinkelen fastset bygningsrådet. Flate tak er ikkje tillate.

§ 7

Bygningsrådet skal ved handsaming av byggemeldinga ha for auge at busetnaden får ei god form og materialhandsaming og at bygningar i same byggefelt får ei harmonisk utforming. Farge på busetnadene skal godkjennast av bygningsrådet.

§ 8

Utføring, høgde og farge på gjerde skal godkjennast av bygningsrådet. Gjerde i eigedomsgrense mot veg må ikkje overstige 0,6 m. Høgare gjerde kan verte tillate om det vert trekt 1,5 m tilbake frå regulert vegkant og ikkje hindrar frisikten i vegkryss.

§ 9

Inga tomt må tilplantast med tre eller buskar som etter bygningsrådets skjønn kan være sjenerande for den offentlege ferdsel. Eksisterande vegetasjon bør ein søke å verne.

§ 10

Mindre vesentlege unntak frå desse reguleringsføresegnene kan, der det er særleg grunn for det, gjerast etter løyve frå bygningsrådet innafor ramma av bygningslovgjevinga og bygningsvedtektene for Fyresdal kommune.

Porsgrunn, 21. juni 1979

REGULERINGSPLANEN STADFESTET
med brev av 3.1.1980
fra Fylkesmannen i Telemark

Etter fullmakt

Kvaløy